

PROTOKOLL IPED INSTITUTTRÅDSMØTE 13.12.2010

Møtestad: Møterom 342, Christiesgt. 13
Møtetidspunkt: kl. 09.30-11.00

Tilstades: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Øystein Steine Larsen, Ingvild Haugen, Steinar Bøyum, Gry Heggli, Magnhild Thomassen, Rune Herheim
Forfall: Arild Raaheim, Marit Ulvik

I

Godkjenning av innkalling og saksliste.
Innkalling og sakliste vart godkjent.

II

Protokoll frå instituttrådsmøte 10.11.2010
Protokollen vart godkjent.

III

Fullmaktsaker
Ingen fullmaktssaker.

IV

Orienteringssaker.
Instituttleiar Rune Krumsvik orienterte om følgjande saker:

1. Tilsettingssak - førsteamanuensis i universitetspedagogikk: *Det blir andregangs utlysing av denne stillinga like over nyttår – då som Førsteamanuensis i pedagogikk (universitetspedagogikk). Fakultetsstyresak: 66/10. Journalpostnr: 09/1281.*
2. Prinsipper for fordeling av stipendiatstillinger: *Etter vedtak i fakultetsstyret 8. desember blir universitetsstipendiatstillingar tildelt institutta og ikkje forskarskulane. Fakultetsstyresak: 62/10. Journalpostnr: 10/12342*
3. Sårkornmidlar - avklaring først i januar 2011. *Fakultetets utlyste sårkornmidler, som fleire av instituttet sine forskingsgrupper har søkt om blir behandla i første fakultetsstyremøte i 2011. Innstillinga frå komiteen vil føreligge i januar.*
4. Komiteoppnemningar - prinsipp og rutiner. *Ein gjennomgang av habilitetsrutinene for doktorgradskomitear.*
5. Solstrand-seminaret, status.
6. Ressursfordeling, erfaringar frå hausten 2010. *For 2011: Ein gjennomgang av studieprogram og konsekvensen av innføring av institutt for fremjing av behov for stillingsressursar. Programstyra må dokumentere og tallfeste behov for stillingsressursar og kanalisere dette gjennom instituttleiinga. Programstyra må også forholde seg til sine respektive tildelte budsjett og forelegge budsjett for insituttleiinga. Eventuelle negative underskot blir overført til neste år.*
7. Forskingsterminar i 2011 og framover. *Søknadsfrist for 2012 er 1. mai 2011 – innan den tid må instituttet ha utarbeida ein plan for kven som skal søke om forskningstermin framover.*
8. Areal C13: Kort orientering samt diskusjon rundt ønska tidspunkt for eventuell flytting i vår. Kort drøfting av prinsipp for fordeling av kontor ved eventuell

samløkalisering av institutt. *Flyttedatoar ennå uavklart – prinsipp for kontorfordeling kjem opp som sak når Instituttet får endeleg klarsignal for samløkalisering.*

9. IPED: Høyring ny strategiplan for Det psykologiske fakultet. Drøfting av samansetting komite for å lage forslag til høyringsinnspel. *Resultat av drøfting: Komiteen må bestå av ein person frå kvart miljø. Programstyreleiarane, Arild Raaheim, Gry Heggli og Ingrid Helleve, får i oppdrag å utarbeide forslag til innspel. Dei byrjer jobben i januar og bestemmer sjølv prosessen vidare. Dei får oversendt forslaget til strategiplan som fakultetet sin nedsette komite har utarbeida, og justerer arbeidet ut frå offisielt høyringsbrev frå fakultetet. Fakultetsstyresak: 61/10. Journalpostnr: 10/2669.*
10. Høyring NOU 2010:8 Med forskertrang og leselyst. Drøfting om oppretting av eventuell komite til å utarbeide høyringsinnspel. Svarfrist for innspel 15. januar 2011. *Resultat av drøfting: Saken sendes over til førsteamanuensis Bjarte Furnes for eventuelt å formulere eit svar, med grunngjevinga at han er den ved instituttet som har forska mest på førskulebarn. Han avgjer sjølv om han vil involvere andre i eit eventuelt utkast.*
11. Utlysing av initieringsmidlar til Alumnusverksemd. *UiB har sett av midlar til alumnustiltak som institutta kan søke om midler til. Institutt for pedagogikk søker ikkje i denne omgang.*

V

NYE SAKER I DETTE MØTET

19/2010 Møtedatoar for instituttrådet våren 2011

Vedtak:

Tentative tidspunkt for instituttrådet våren 2011:

onsdag 19. januar kl 9-11
mandag 21. februar kl 9-11
mandag 21. mars kl 9-11
fredag 29. april kl 9-11
mandag 23. mai kl 9-11
tirsdag 14. juni kl 9-11

20/2010 Eventuelt

Ingen saker

Referent: Øystein Steine Larsen